

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Sjukehuset Nordmøre og Romsdal

Dato: 16.06.2025

Tidspunkt: 10.00 - 15.00

Til stades:

Namn

1. Paula Næss Skår	Leiar i brukarutvalet HMR
2. Janne Remøy Endresen	Nestleiar
3. Atle Tangen	Medlem
4. Kai Knutsen	Medlem
5. Lasse Alexander Honningsvåg	Medlem
6. Bjørn Aske	Medlem
7. Per Øvermo	Medlem
8. Brit Harsem	Medlem
9. Evy Svansemli	Medlem
10. Oddrun Annie Stensø Nasvik	Medlem

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Fiskerstrand	Sekretær

Merknad i møte:

Pasient- og Brukarombod Hanne Stenseth-Haavde deltok via teams

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
46/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
47/25	Status økonomi
48/25	Status ventetider i Helse Møre og Romsdal
49/25	Brukerutvalgssekretariat fra høsten 2025
50/25	Status HP - HelsaMI
51/25	Referatsaker
52/25	Deltaking i råd og utval - munnleg gjennomgang
53/25	Oppnemning til råd og utval
54/25	Eventuelt
55/25	Orientering klinikk SNR med omvisning

46/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 46/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Administrerende direktør Olav Lødemel er forhindra frå å delta i dagens møte. Økonomidirektør Randi Myhre vil i staden gi ei orientering om status økonomi for mai i Helse Møre og Romsdal.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek innkalling og sakliste til vitende

47/25 Status økonomi

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 47/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Økonomidirektør Randi Myhre gav brukarutvalet ei orientering om status økonomi og tiltaksarbeid for mai i Helse Møre og Romsdal.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa rundt statusrapport mai 2025 og tiltaksarbeid i Helse Møre og Romsdal til vitende.

Det ser ut til at det blir jobba godt med ulike tiltak for at drifta i Helse Møre og Romsdal skal kome innanfor budsjetttramma for 2025. Sparetiltaka er omfattande og krev reduksjon av eit stort tal stillingar. Brukarutvalet ser med uro på kva konsekvensar desse tiltaka vil ha for det samla pasienttilbodet og særlig i forhold til dei spesielt sårbare gruppene i Helse Møre og Romsdal. Vi vil oppmode om at det blir gitt god og tydeleg informasjon til pasientar, pårørande og befolkninga elles om kva dette vil gje av eventuelle endringar i pasienttilbodet vidare framover.

48/25 Status ventetider i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 48/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Brukarutvalet fekk ei oppdatering på ventetider per mai 2025 frå fagdirektør Erik Ganesh Sjøgaard.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status om ventetider pasientar i Helse Møre og Romsdal til vitende.

Brukarutvalet viser til den store reduksjonen i ventetid for avvikla pasientar frå desember 2024 til april 2025 innan psykisk helsevern, både innan vaksenpsykiatrien og barne- og ungdomspsykiatrien. Dette er særleg gledelig, særleg at det no ikkje er fristbrot innan barne- og ungdomspsykiatrien. Det er også ei positiv utvikling innan fleire område innan somatikken. All honnør til dei tilsette som har stått på for å få dette til.

49/25 Brukerutvalgsssekretariat fra høsten 2025

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 49/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Kvalitetsrådgjevar Randi Spjelkavik vert ny sekretær for Brukarutvalet frå september 2025. Kvalitetssjef Vidar Hagerup vil òg vere i tett samarbeid med Randi Spjelkavik i dette arbeidet.

I dagens møte vart det lagt fram nokre tankar om korleis brukararbeidet i Helse Møre og Romsdal vil bli organisert framover med desse to.

Vedtak

Ingen vedtak

50/25 Status HP - HelsaMI

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 50/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Fagrådgjevar Christer Andre Jensen gav brukarutvalet ei oppdatering om status for HelsaMI.

Kva som deles i HelsaMI:

- Alle journalnotat frå polikliniske besøk skal automatisk delast i HelsaMI.
- Skjulte timeavtalar vil ikkje visast i HelsaMI og dermed ikkje journalnotat frå desse.
 - Eit notat må ha eit besøk for å visast i HelsaMI.
- Det skal delast frå alle spesialitetar og frå alle yrkesgrupper.
 - Unntak er journalnotat frå sensitive/skjulte avdelingar.
- Det skal delast til alle pasientar over 16 år.
- Historisk dokumentasjon skal ikkje delast med pasientane.

Vegen vidare med HelsaMI:

- Fokus på brukarvennlegheit
- Oversikt over notat som vert haldne tilbake (rapport)

- Kommunikasjonsarbeid
- Attstående arbeid med dei nye notata som vert delte hausten 2025
- Fagekspertar ser på nye journaltypar som skal delast automatisk, eller opnast for manuell deling

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status HelsaMI til vitende

51/25 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 51/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Følgjande referatsaker har blitt presentert for Brukarutvalget HMR

11. Referat frå møte med Brukerutvalget for SNR - 22.05.25
12. Presentasjon møte brukerutvalget SNR - 22.05.25
13. Protokoll RBU 12.-13.05.25
14. Protokoll HNTs brukerutvalg 21.05.25
15. Protokoll fra styremøte HMR 21.05.25

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

52/25 Deltaking i råd og utval - munnleg gjennomgang

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 52/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

	Navn	Deltatt
1	Paula Næss Skår	• 19.05.25 - Møte i brukerutvalget • 20.05.25 - Arbeidsgruppe - OU-arbeid i psykiatrien • 21.05.25 - Styremøte HMR • 02.06.25 - Åpning av SNR • 06.06.25 - Arbeidsmøte BU • 11.06.25 - Planlegging av filming SNR • 12.06.25 - Filming SNR (film som skal vises på pårørendekonferanse til høsten)
2	Janne Remøy Endresen	• 19.05.2025 - BU HMR - Teams • 23.05.2025 - LSU Volda - Fysisk • 26.05.2025 - Forberedelse til ROS Dagenhet Åles. og tallgrunnlag - Teams • 27.05.2025 - ROS analyse Dagenhet Åles. - Fysisk • 04.06.2025 - Helseped. I spes. Htj. Presentasjon av BU HMR – på SNR - Fysisk • 04.06.2025 - SSU, Vestnes - Fysisk • 05.06.2025 - KEK - Teams

		06.06.2025 - AU BU HMR - Teams 11.06.2025 - Kvalitetsråd Kreft. – og Rehab. - Teams
3	Per Sigbjørn Øvermo	19.05.2025 - Brukerutvalget Helse M&R 30.05.2025 - Kneprotesar (Cless TKA) - ortopedi i Kristiansund
4	Lasse Honningsvåg	10.06.2025 - Arbeidsgruppe retningslinjer Ungdomsråd
5	Atle Tangen	19.05.2025 - Brukerutvalgsmøte 21.05.2025 - Styremøte HMR 22.05.2025 - Brukerutvalget SNR Teams 22.05.2025 - Prehospitale, synfaring ambulanse kaier 23.05.2025 - LSU- SNR Hjelset 03.05.2025 - LMS Dialogmøte SNR Hjelset 06.06.2025 - KEK på Teams
6	Bjørn Aske	23.05.2025 - Likepersjonkurs PROFO 24.05.2025 - Likepersonkurs PROFO 25.05.2025 - Likepersonkurs PROFO 23.05.2025 - ATTR forsk teams Torstein Hole 28.05.2025 - PRETAI forsk fysisk møte Kjetil Roth 03.06.2025 - Dialogkaffe SNR FFO 04.06.2025 - FSU i Sula Fysisk møte 05.06.2025 - Teamsmøte med Kreftforeningen

53/25 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 53/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Førespurnad om brukarmedverknad:

1. **Programkomitee - Regional brukerkonferanse** (Kontaktperson: Toril Grøtte)
2. **Brukermedvirkning forskningsprosjekt håndleddsbrudd eldre** (Kontaktperson: Tommy Frøseth Aae)
3. **Prosjekt ZeroDoseMRI** - undersøke hvordan KI kan brukes til å generere syntetiske kontrastbilder fra MR-undersøkelser uten kontrastmiddel – med mål om å redusere bruken av gadolinium i klinikken (Kontaktperson: Endre Grøvik)

Vedtak

Valde representantar:

1. Programkomitee - Regional brukerkonferanse - **Representant Paula Næss Skår**
2. Brukermedvirkning forskningsprosjekt håndleddsbrudd eldre - **Representant Paula Næss Skår**
3. Prosjekt ZeroDoseMRI - undersøke hvordan KI kan brukes til å generere syntetiske kontrastbilder fra MR-undersøkelser uten kontrastmiddel – med mål om å redusere bruken av gadolinium i klinikken - **Representant Brit Harsem**

54/25 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 54/2025 i møte den 16.06.2025

- Evy Svanemsli deltek saman med leiar for BU i Styremøtet HMR 18.06.25
- Liv Johanne Ekornes – permisjon som 1. vara til 30. September 2025.

Vedtak

Tatt til vitende

55/25 Orientering klinikk SNR med omvisning

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 55/2025 i møte den 16.06.2025

Behandling

Møtedagen vart avslutta med ei orientering om Klinikk SNR frå avdelingssjef for sjukepleie, Petter Rangnes, og ei omvising ved driftskoordinator Anita Skarshuag Kvendseth. Det regionale brukarutvalet deltok òg under sak 55-25 saman med Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orientering og omvising på SNR Hjelset til vitende.